



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1655 - 14/8416

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
27.05.2014

Godkjenning - tilknytning til kommunalt vassverk for hytte på gnr. 41, bnr. 18 på Skarpenes.

Administrativt vedtak. Saknr: 140/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, motteke 08.04.2014 om tilknytning til kommunalt vassverk for ei hytte på gnr. 41, bnr. 18 på Skarpenes. Eigedomen skal knytast til det kommunale vassverket via privat stikkledning, tilhøyrande gnr. 41, bnr. 9. Det ligg føre erklæring med løyve til å knyta seg til denne. Leidningen går frå naust på gnr. 41, bnr. 9 og om lag 20 meter i sjø. Den vert ført i land ved naust tilhøyrande gnr. 41, b nr. 18. Tracèen er vist på motteke situasjonskart, som også viser at det skal leggjast ned Elvestadrør.

Eigedomen har privat avlaupsløysing med slamavskiljar. Utsleppsløyve er gjeve i sak DNT.140/2014.

Vurdering:

Tilknytning til kommunalt vassverk skal alltid skje i kum, enten direkte eller som her, via privat stikkledning.

Ettersom terrenget frå sjøen og fram til hytta stadvis er bratt og ikkje tilgjengeleg med maskinutstyr, må leidningen fram til hytta leggjast på enklast mogeleg måte og dekkast til, slik at den vert minst mogeleg synleg frå sjøside. Leidningen må førast i land slik at strandsona ikkje vert skadd. Vegetasjonen i tracèen må takast vare på.

Det må søkjast Bergen og Omland Havnevesen om løyve til legging av leidning i sjø.

Tiltaket ligg i regulert område for hytter, reguleringsplan for Skarpenes. Administrasjonen har vurdert at tiltaket ikkje krev dispensasjon.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Vedtak

"Meland kommune godkjenner at hytte på gnr 41, bnr 18 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad motteke 08.04.2014 og på følgjande vilkår:

- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.
- Tilknytinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2014 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- pluss mva.
- Det må liggja føre løyve frå Bergen og Omland Havnevesen.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen."

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Trude T. Ystebø

Mottakere:
Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND